



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 4964/05/K54	,	08.03.2005

## **NOU 2004:26 Heimfall - Uttale**

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok i møte 28.02.2005 følgjande uttale:

1. Møre og Romsdal fylke understrekar sterkt at vassdraga som felles naturressurs ikkje varig bør unndragast offentleg råderett og styring. Vi er derfor samd i at heimfallsinstituttet blir vidareført.
2. Møre og Romsdal fylke meiner val av heimfallsmodell ikkje bør avgjerast før dei rettslege tilhøva mellom Norge og EØS er fullstendig klarlagde.
3. Møre og Romsdal fylke er samd i at eit partielt heimfall på to tredelar er å foretrekkje framfor heimfall med etteroppgjjer. Sistnemnde vil vere til hinder for langsiktige eigarskapsstrategiar.
4. Dersom rammevilkåra for offentlege og private aktørar skal vere like, bør ikkje insentiva for offentleg eigarskap svekkjast vesentleg. Vi tilrår derfor ein transaksjonsmodell for heimfall, jamfør mindretalet i utvalet. Vi tilrår ein konsesjonsperiode på 75 år.
5. Verdier ved heimfall bør tildelast vertskommunen etter ein trappetrinns-modell. Ytterlegare mellomverande bør tilfalle ein region ikring vertskommunen. Utgangspunktet for denne regionen bør vere fylket, som allereie har eit apparat for regional utvikling.
6. Kommunar og fylkeskommunar som er direkte eigarar, bør i samband med heimfall kunne sjåast som forvaltningsnivå innan den norske staten, slik at dei ikkje blir omfatta av regelverket.
7. Endringer i lovverket som medfører endringer i eierskapsrettighetene skal erstattes. (Ref. Grunnlovens § 105 om full erstatning ved ekspropriasjon.)

Med helsing

Jon Aasen  
fylkesordfører

Per Fredrik Brun